



ims
Indremisjonsskipnaden



Innhald

| | |
|--------------------------------------|-----------|
| Greitt å vita | 4 |
| Om Indremisjonen | 7 |
| Om Brandøy | 8 |
| Om Helgatun | 9 |
| Samla leiroversikt med priser | 10 |
| Leirar for 4-9 år med fylgje | 12 |
| Leirar for 2.-4. klasse | 13 |
| Leirar for 5.-7. klasse | 14 |
| Leirar for 8. klasse+ | 15 |
| Leirar for heile familien | 16 |
| Leirar for vaksne på Brandøy | 17 |
| Leirar for vaksne på Helgatun | 18 |
| Andre arrangement i IMS | 19 |





Velkommen til leir i IMS

Indremisjonssamskipnaden (IMS) arrangerer leiarar på Helgatun i Myrkdalen og Brandøy på Bjoa. Me har leiarar for alle aldrar og med variert program begge stader. Uansett kor gammal du er, vil leirane alltid innehalda noko om Jesus, for det er det viktigaste me har å fortelja. Så vil det også vera mykje sosialt, mykje god mat og mange kjekke aktivitetar.

I denne brosjyren håpar me å gje deg alt du treng å veta om leir. Så er det sjølvsagt berre å ta kontakt om du har spørsmål. For deg som er vant med leiroversikten, finn du den som midtside i denne brosjyren. Den må du gjerne riva ut og henga opp ein stad dersom du ynskjer det.

Håpar me ser deg på leir!

Greitt å vita

Kva treng du å vita generelt om leirane våre? Det har me prøvd å samla på desse sidene. Gje oss gjerne ei tilbakemelding om du saknar noko!

Kva er leir?

Leir i IMS er mange ting, men i hovudsak er leir eit midlertidig opphold saman med andre i di aldersgruppe. For oss i IMS er det viktigaste med leir at du skal få høyra om Jesus. Saman med kjekke aktivitetar, mykje sosialt og mykje god mat er leir eit par godt brukte døgn.

Kven kan reisa på leir?

Alle leirane har ulike navn, aldersgrupper og leirstader. For kvar leir vil du sjå kriteria for å reisa på leiren. F.eks. vil du sjå at på Ten-helg før jul på Brandøy må du gå i 8.klasse eller vera eldre. Det er også naturleg å tenkja at denne leiren gjeld for ungdom, dersom du er 46 år er nok ikkje denne leiren for deg. Nokre av leirane seier seg litt i navnet. Vil du på Damehelg tenkjer du heilt rett når du trur at denne er for damer. Vil du på Friluftsleiren er det også ein fordel om du er interessert i jakt og/eller friluft, sjølv om dette ikkje er eit krav.

Mange lurar på om du må vera kristen, at du må bu på ein spesiell stad eller vera aktivt med i eit barnelag, ungdomslag eller foreining for å reisa på leir. Det treng du ikkje.

Dei fleste leirane skal vera enkle å forstå kven dei er for. Skulle du vera usikker må du gjerne spørje oss på post@indremisjonen.no eller på tlf.: 53 41 07 04.

Er det forskjell på leirane?

Som du ser på dei neste sidene så finst det forskjellige leirar for ulike grupper. Nokre leirar er for barn i gitte aldrar, nokre er for spesielle interessegrupper og nokre er for alle. På indremisjonen.no finn du meir informasjon om leirane våre ei god stund før dei vert arrangert. Der finn du også lenke til leirprogram og påmelding. I leirprogrammet står alt du treng å vita om den leiren du skal på.



Meld deg på leir ved å skanne qr-koden med kamera på smarttelefonen din.
Eller gå på indremisjonen.no og arrangement.

Greitt å vita

Korleis melder eg meg på leir?

Nedanfor denne teksten finn du ein QR-kode til nettsida vår, indremisjonen.no. Skannar du den med kamera på smarttelefonen din, kjem du til ei oversikt over dei nærmaste leirane i tid. Du kan også skriva inn bit.ly/leirar i nettlesaren din for å koma til den same sida. Så trykker du på pluss-teiknet ved sida av den leiren du er interessert i. Der finn du påmelding og meir informasjon om den spesifikke leiren. Du kan trygt trykka på både Påmelding og Program og lesa innhaldet utan at du er påmeldt. Påmelding er først gjennomført etter at du har bekrefta utfylt påmeldingsskjema ved å trykka på "send" nedst på skjema. I neste skjermbilete får du anten bekrefta at du er påmeldt eller at du er på ventelista.

Kva gjer eg dersom eg har allergi eller brukar medisinar?

Du er hjarteleg velkommen på leir sjølv om du har allergi eller går på medisinar. I påmeldingsskjemaet er det viktig at ein fyller ut om ein har matallergi eller -intoleranse. Spesifiser dersom det er ein sørleg alvorleg allergi. Det er også viktig at ein fyller ut om ein har ein sjukdom leiarane bør vite om, spesielt om ein går på medisinar. Treng deltarar hjelp til å huska medisinar eller oppfølging med noko, skriv det inn i påmeldingsskjema. Dersom me treng å vite noko meir så tek me kontakt.

Kva er eit leirprogram?

Program, eller leirprogram, er rett og slett informasjon du treng å veta om den leiren du skal på. I leirprogrammet står det dagsprogram med klokkeslett og kva leiren inneholder. Du finn også informasjon om kva som er lurt å ha med seg på leiren, prisar, korleis ein betalar, korleis ein kan koma seg til leirstaden og telefonnummer til leirsjef. Leirsjef er hovudleiar på leiren og er alltid tilgjengeleg. Leirprogrammet finn du under din leir på bit.ly/leirar, og det blir også sendt ut saman med faktura i forkant av leiren.

Meld deg på leir ved å skanne qr-koden med kamera på smarttelefonen din.
Eller gå på indremisjonen.no og arrangement.



Greitt å vita

Kva kostar leirane?

Alle prisar finn du på midtsida i leiroversikten. På alle barne- og ungdomsleirane våre kan du søkja om økonomisk støtte dersom du slit med å betala leiren sjølv. Me ynskjer at alle skal ha moglegheit til å reisa på leir og vil strekka oss langt for å fjerna økonomi som eit eventuelt hinder.

Kva treng eg å ta med meg på leir?

Dette varierar frå leir til leir. Skal du på Friluftsleir på Helgatun så bør du ha med deg fjellsko, men det treng du ikkje om du skal på Sommarleir på Brandøy. Du finn spesifikk informasjon om dette i leirprogramma for kvar leir, men nokre ting gjeld for alle: Bibel, sovepose eller sengetøy, laken, handkle, toalettsaker, klede til innandørsbruk, klede til utandørsbruk, og det du elles måtte trenga for å klara deg nokre døgn heimefrå. Du treng ikkje høgtalar, nettbrett e.l. På mange av leirane våre samlar me inn telefonar i eit mobilhotell til utvalde tider i døgnet. Til føresatte er det då greitt å vita at telefonnummer til leirsjef står i leirprogrammet dersom ein ikkje får kontakt med deltakar.

Korleis kjem eg meg på leir?

Under dei neste sidene "Om Brandøy" og "Om Helgatun" står det meir om korleis ein kjem seg dit og kvar det er. For alle barne- og ungdomsleirar på Brandøy vert det sett opp fellesbuss frå Leirvik til Brandøy, der ein kan hoppa på langs vegen også. Hugs å få dette med i påmeldingsskjema. For Skileiren på Helgatun vert det sett opp fellesbuss frå Skjold til Helgatun, via Stord og Halhjem. For resterande leirar må du koma deg til leirstaden på eiga hand.

Kva er kollekt?

I leirprogramma står det at det vert moglegheit for å gje ei gåve/kollekt. Kollekt og gåve betyr det same, i dette tilfellet vil det seia å gje pengar til IMS og leirstaden du er på. Det er heilt frivillig å gje kollekt, og kor mykje du eventuelt vil gje, er også heilt opp til deg sjølv. Halvparten av kollekten går til den leirstaden du er på, og resten går til IMS. Alt går til leirarbeidet. For leirstaden sin del så går det til vedlikehald og oppgraderingar av leirstaden. For IMS så går det til leirmateriell og løningar slik at me kan ha gode leiarar på leir. I nokre få tilfelle går kollekten til noko anna, dette vert det opplyst om i dei tilfella det gjeld, i program og ved sjølve innsamlinga.



Meld deg på leir ved å skanne qr-koden med kamera på smarttelefonen din.
Eller gå på indremisjonen.no og arrangement.

Om Indremisjonen

Kva er Indremisjonen? Er det forskjell på ImF og IMS? Må eg vera innmeldt i ein av desse for å reisa på leir?

Indremisjonen er indremisjonen i Noreg og kan bety både ImF og IMS, eller ein av dei andre kretsane.

Kva er ImF?

ImF står for Indremisjonsforbundet og er eit forbund av indremisjonsforeiningar og lag i heile Noreg. ImF er altså ei samanslutning av alle indremisjonskretsane i heile landet. ImF sitt motto er "Med Guds Ord til folket" og skal med dette bistå kretsane for å sjå dette skje. Dette gjer dei mellom anna med at dei driv skular, barnehagar, sender forkynnurar til bedehus og forsamlingar i kretsane, leir og bistår kretsane med f.eks. administrasjon og økonomi mm.

Kva er IMS?

IMS står for Indremisjonssamskipnaden og består av godt over hundre lag og foreiningar i Sunnhordland, Hardanger og Voss. IMS er ein av totalt 10 kretsar som er innmeldt i ImF. IMS sin visjon er: «Vi vil byggja varme, inkluderande fellesskap, vinna nye for Jesus og gjera dei til hans disiplar». For å oppnå dette driv IMS leirstadane Helgatun og Brandøy. Me driv Framnes vgs., saman med ImF. Me har vår eigen bokhandel Sunnbok. Utanom dette har IMS tilsette som skal bistå dei foreiningane og laga som er innmeldt hjå oss. Sistnevnte gjer me gjennom å senda forkynnurar, ha styresamlingar, ressursgruppessamlingar, konferansar og andre arrangement i kretsen.

Må eg vera innmeldt i ImF eller IMS for å delta på noko av det Indremisjonen arrangerar?

Nei, du treng ikkje vera innmeldt nokon stad for å delta på våre arrangement.

På IMS sitt årsmøte og ImF si generalforsamling må du vera utsending frå eit lokallag innmeldt i IMS for å ha tale- og røysterett. På ImF si generalforsamling kan du sjølv sagt også vera utsending frå ein av dei andre kretsane i ImF.

Om Brandøy

Brandøy Misjons- og konferansesenter er ein av to leirstader eigd av Indremisjonssamskipnaden (IMS). Brandøy ligg vakkert til på Bjoa i Vindafjord kommune. Dei helgene og kvardagane Brandøy ikkje har IMS-leir, kan Brandøy leigast ut til andre. Ved kapasitet tilbyr også Brandøy catering lokalt.

Ute

Brandøy ligg idyllisk til ved Bjoafjorden. Her er gode moglegheiter for bading og båtliv ved kaianlegget. Her er også to volleyballbanar, ein basketballbane, fotballbane, trampoline, klatrevegg og stor plen til andre aktivitetar.

Inne

Hovudbygget på Brandøy innehold mellom anna møtesal for om lag 90-100 personar, peisestove med om lag 60 sitjepllassar, matsal med plass til om lag 90-110 personar, hovudkjøkken og aktivitetshall på 230 kvm. Internatet ligg i hovudbygget, alle soverom og fellesareal er på eitt plan. Det er 25 rom på internatet, med 3-5 sengeplassar på kvart rom. Totalt er det 97 sengeplassar (i køysenger) på hovedbygget.

Hytter og leilegheit

Brandøy har tre hytter og ein leilegheit på området. I hyttene er det plass til 4-5 personar i kvar hytte, medan leilegheiten har fire soverom med totalt 7 sengeplassar (evt fleire med madrass). Hyttene og leilegheita har bad, stove, og enkelt utstyr kjøkken. Leilegheita er nyleg pussa opp, og er blitt ein flott overnattingsplass. Hyttene og leilegheita kan disponerast dersom ein leiger Brandøy til arrangement med overnatting, eller privat dersom dei er ledig.

Korleis kjem ein seg til Brandøy?

Brandøy ligg på Bjoa og er skilta til langs vegen. Har du gps eller brukar google maps så ligg det som Brandøy Misjons- og konferansesenter. Adressa er Bjoavegen 1213, 5584 Bjoa.

Skal du på leir kan du ta ferge til Utbjoa kai eller kollektivtransport til Ølensvåg for å bli plukka opp der. Hugs i dei to sistnevnte tilfella å gje beskjed til leirsjef slik at nokon hentar deg på kaien/busstoppet.

Privat arrangement på Brandøy?

Brandøy er laga for å driva kristen verksemd, i hovudsak leir, men er det ledig så går det fint an å leiga Brandøy til andre arrangement. Døme på dette er slektstreff, bryllaupsfest, konferanse, tur med forsamlinga di mm. Brandøy kan også levera mat lokalt i periodar med kapasitet til det. Sjå brandoy.no for meir informasjon og kontaktinformasjon.

Om Helgatun

Helgatun Fjellpensjonat er ein av to leirstader eigd av Indremisjonssamskipnaden (IMS). Helgatun ligg midt i fjellheimen i Myrdalen i Voss kommune. Dei helgene og kvardagane Helgatun ikkje har IMS-leir, kan Helgatun leigast ut til andre, enten rom for rom eller heile leirstaden. Helgatun har også open café i vintersesongen.

Ute

Helgatun ligg ved foten av det mektige Vikafjellet. I tillegg til ein fantastisk natur, er her ballbinge, badekulp, hoppepute og stort areal. Myrdalen skisenter ligg rett ved, med eit stort skianlegg med mange heisar. Den eine heiter Helgatuntrekket og du kan nesten sova i senga di med ski på beina og renna rett frå Helgatun ut i skiheisen.

Inne

Hovudbygget på Helgatun inneheld mellom anna møtesal, peisestove, aktivitetsrom, matsal, hovudkjøkken, rom med eige bad og sovesal. Totalt er det plass til rundt 90 gjester på Helgatun.

Leilegheitene

Helgatun har 5 store leilegheiter i Helgatunlia med plass til ca. 10 personar i kvar.

Korleis kjem ein seg til Helgatun?

Helgatun ligg i Myrdalen og er skilta til langs Myrdalsvegen. Har du GPS eller bruker Google maps finn du det som Helgatun Fjellpensjonat. Adressa er Myrdalsvegen 926, 5713 Vossestrand.

Du kan også ta buss til Helgatun. Ruta startar ved Voss stasjon og stoppestaden heiter Helgatun. Finn meir på skyss.no eller i appen deira.

Privat arrangement på Helgatun?

Helgatun er laga for å driva kristen verksemd, men er det ledig, går det fint an å leiga Helgatun til andre arrangement. Døme på dette er slektstreff, bryllaupsfest, konferanse, tur med forsamlinga di mm. På Helgatun kan du også bestille deg ei natt på eige rom, leilegheitene eller på sovesalen. Sjå helgatun.no for meir informasjon og kontaktinformasjon.



BRANDØY

| Leir | Klasse | Dato | Pris |
|---------------------------------|------------------------|---------------------------------|-------------------------------|
| Juniorhelg | 4-9 år med fylgje | 7.-9. mars | 950,-/1700,- |
| Tweensweekend | 5.-7. klasse | 14.-16. mars | 950,- |
| Påskefestival | 8. klasse+ | 11.-15. april | 1650,- |
| Sommarminileir | 2.-4. klasse | 13.-15. juni | 950,- |
| IMS Sommarfest *3-7 år=890,- | ALLE 8-12 år=990,- | 20.-22. juni 13-16 år=1295,- | Maks 5000,-* Vaksen=1990,- |
| Sommarleir | 5.-7. klasse | 27.-29. juni | 950,- |
| Familieleir *3-7 år=1140,- | ALLE 8-12 år=1260,- | 2.-6. juli 13-16 år=1690,- | Maks 6500,- Vaksen=2340,- |
| JuleJunior | 4-9 år med fylgje | 14.-16. november | 950,-/1700,- |
| Ten-helg | 8. klasse+ | 21.-23. november | 1250,- |
| Adventshelg | 5.-7. klasse | 28.-30. november | 1060,- |
| Miniadventshelg | 2.-4. klasse | 5.-7. desember | 1060,- |



Meld deg på leir ved å skanne qr-koden
Eller gå på indremisjonen.no og arrang

Andre arrangement

| | |
|--------------|------------------|
| Damehelg | 14.-16. februar |
| Brandøytreff | 21.-23. februar |
| Dugnadshelg | 4.-5. april |
| Vårtreff | 28. april-1. mai |
| Kvinnedagar | 8.-10. september |



BRANDØY
Misjons- og konferansesenter



HELGATUN

| Leir | Klasse | Dato | Pris |
|--------------------------|-------------------|---------------------|--------------|
| Skileir | 8. klasse+ | 31. jan.-2. februar | 1200,-* |
| *heiskort kjem i tillegg | | | |
| Minileir | 2.-4. klasse | 24.-26. juni | 950,- |
| Tweensleir | 5.-7. klasse | 24.-26. juni | 950,- |
| Førjulshelg | 5.-7. klasse | 14.-16. november | 1060,- |
| Ungdomshelg | 8. klasse+ | 14.-16. november | 1250,- |
| Juleverkstadleir | 4-9 år med fylgje | 28.-30. november | 950,-/1700,- |

n med kamera på smarttelefonen din.
gement.



Andre arrangement

| | |
|---------------------|---------------------|
| Vinterferieopphold | 24. februar-2. mars |
| Familieleir (påske) | 11.-16. april |
| Påskeopphold | 16.-21. april |
| Damehelg | 12.-14. september |
| Friluftshelg | 25.-28. september |
| Helgatunhelg | 1.-2. november |



Helgatun

Leirar for 4-9 år med fylgje av ein voksen

Leir for 4-9 år med fylgje er flotte leirar for dei aller minste. Då reiser barna saman med ein voksen dei kjenner. Dette kan vere forelder, besteforelder, tante, onkel osb. Med andre ord ein god og trygg start på leirlivet.

på Brandøy

Juniorhelg
7.-9. mars

JuleJunior
14.-16. november

på Helgatun

Juleverkstadleir
28.-30. november



Leirar for 2.-4. klasse

2.-4. klasseleir er fyrste gongen du kan reisa på leir utan nokon vaksne med deg. Her går alle deltagarane i 2., 3. eller 4. klasse, eller har gått i desse klassane same våren, medan leiarane er vaksne. Her er det aktivitet frå morgon til kveld, bibelsamlingar på morgonen og kvelden, og ein svær leirfest på laurdag kveld.

på Helgatun

Minileir
24.-26. juni

på Brandøy

Sommarminileir
13.-15. juni

Miniadventshelg
5.-7. desember



Leirar for 5.-7. klasse

5.-7. klasseleir er leir for dei som har gått i 5., 6. eller 7. klasse same våren. Morgen og kveld har me samlingar der me får høre om Gud, og mellom samlingane har me mange aktivitetar, sosialt, kiosk og sjølvsagt mat.

på Brandøy

Tweensweekend
14.-16. mars

Sommarleir
27.-29. juni

Adventshelg
28.-30. november

på Helgatun

Tweensweekend
24.-26. juni

Før julshelg
14.-16. november



Leirar for 8. klasse+

På leirane våre for 8. klasse+ må du ha begynt i 8. klasse for å vera med. Me har ikkje øvre aldersgrense, berre at det er leir for ungdom. På desse leirane har me undervisning og formidling om kristen tru frå Bibelen. Så er desse også fylt med aktivitetar frå morgon til kveld, mykje god mat og mykje tid til å verta kjende med kvarandre på leiren.

på Helgatun

Skileir
31. januar-2. februar

Ungdomshelg
14.-16. november

på Brandøy

Påskefestival
11.-15. april

Ten-helg
21.-23. november



Leirar for heile familien

Me har familieleirar både på Helgatun og Brandøy. Dette er leirar som passar for heile familien. Frå dei minste barna til dei eldste tippoldeforeldra. Her er program både for vaksne og små. Noko gjer me saman, andre ting gjer me kvar for oss.

på Helgatun

Vinterferieopphold
24. februar-2. mars

Familieleir - første del av påsken
11.-16. april

Påskeopphold
16.-21. april

på Brandøy


IMS Sommarfest
20.-22. juni

Familieleir
2.-6. juli



Leirar for vaksne på Brandøy

Indremisjonen har også fleire arrangement for vaksne på Brandøy. Påmelding og informasjon til desse finn du på same stad som resten av leirane våre (bit.ly/leirar).



Damehelg - 14.-16. februar

Damehelg vert arrangert på Brandøy kvart år i februar. Dette er ei helg for damer, som du kanskje kunne gjette. Me let ein deltagar frå 2023 sei meir:

Ei slik helg er av det sjeldne slaget, og noko alle burde oppleva. Det er noko så fint med det å møta og bli kjent med damer i ulik alder som har så mykje å snakka om av levd liv, bekymringar og glede. Me har delt turglede, strikke- og hekleglede, kaffi- og sjokoladeglede og det aller viktigaste, trua som gjer at me kjenner at me høyrer saman.

Brandøytreff - 21.-23. februar

Siste helga i februar arrangerer IMS treff på Brandøy Misjons- og konferansesenter, spesielt tilrettelagt for utviklingshemma. Dei som klarar seg på eiga hand, kjem åleine. Dei som treng hjelp har hjelpar med seg.

Her vert det mykje kjekt: Bibelforteljing, prat, spel, tur, god mat, hobbyaktivitet, trim i gymsalen, leirfest der dei som vil kan bidra med song, konkurranse, sketjs eller anna som kan passa.

Vårtreff - 28. april-1. mai

Vårtreff er for oss over 60 år. Naturen her er ei perle av Guds store skaparverk med fjord, fjell og skogkledde lier. Her kan du finna ro og kvile for kropp og sjel. Programmet er variert og kjekt: Det blir samlingar om Guds ord, forbøn og vitnemål. Me har mellom anna utloddning den eine kvelden, besøk av songkrefter og ulike aktivitetar for dei som ynskjer det.

PÅFYLL - Haustdagar for kvinner - 8.-10. september

September og kvinnesamling på Brandøy er som hand i hanske. Vi ynskjer deg varmt velkommen i år òg til kvinnedagar på Brandøy, no under navnet "Påfyll - Haustdagar for kvinner".

God mat er varemerke for Brandøy, og saman med goddrøsen og godt andeleg innhald, kan det gjere desse septemberdagane til ein fulltreffar.

Leirar for vaksne på Helgatun

Indremisjonen har også fleire arrangement for vaksne på Helgatun. Påmelding og informasjon til desse finn du på same stad som resten av leirane våre (bit.ly/leirar).

Damehelg - 14.-16. september

Damehelg er ei helg for alle damer. I flotte haustfargar samlast me på Helgatun. Alt er gjort klart for oss, seng og rom, mat og drikka. Damehelg på Helgatun byr på godt andeleg innhald i form av tale og song. På fritida vert det gode mogleheter for ein tur i naturen, strikking, kvile eller kva du måtte ynskja. Maten på Helgatun, inkludert festmiddagen på laurdagen, er også vel verdt eit besøk. Velkommen til Damehelg på Helgatun.

Friluftshelg - 25.-28. september

Velkommen til ein unik leir på Helgatun. Me inviterer deg til ulike aktivitetar knytt til jakt og fritid. Målet med leiren er å koma saman for å bruka naturen og for å høyra og dela Guds ord saman. Med oss på leiren har me erfarne jegerar og skyttarar som likar å skapa gode fellesskap, samt å dela av si erfaring.



Andre arrangement i IMS

ConTeenNew - Konfirmant i IMS

ConTeenNew er IMS sitt eige konfirmantopplegg. Me har veldig gode erfaringar med ConTeenNew og veit at det er eit år som ber frukt. ConTeenNew inneheld ein dag i månaden med undervisning og sosialt frå september til april, me reiser på to kortare turar lokalt og me reiser på ein misjonstur litt lengre vekke.

Konfirmant neste år? Då bør du sjekka ut ConTeenNew på indremisjonen.no, bit.ly/conteennew eller ved å skanne qr-koden til høgre.




PIT STOP

Pit Stop Leirvik er ei møtehelg for ungdom som vert arrangert i haustferien kvart år på Leirvik bedehus. I år er Pit Stop 9.-11. oktober. Følg Pit Stop Leirvik på facebook for oppdatert informasjon. Pit Stop har inga påmelding og startar torsdag 9. oktober klokka 20:00. Fredag og laurdag byrjar med bibeltime klokka 12, og har program heile dagen. Skannar du QR-koden til høgre med kamera på smarttelefonen din kjem du rett til facebook-sida til Pit Stop.



Utsendingsmøte, årsmøte i IMS - 24. mai

Årsmøte, eller utsendingsmøte, for IMS vert avhalde 24. mai i Øystese bedehus. Sjå indremisjonen.no for saksdokument og innkalling, eller skann qr-koden til høgre. Her finn du også info om kven som har røysterett og korleis ein kan meld a seg på til utsendingsmøte.



Spørsmål?

Kontakt oss gjerne:

post@indremisjonen.no
Tlf.: 53 41 07 04

Besøksadresse:
(kontoret har åpent man-torsdag fra kl.09 - 15)
Torgbakken 10
5417 Stord

